Kinn kommune

Kinn kommune inviterer til open tilbodskonkurranse for

Servicebygg Kinn

Sak 26/10170

1 Oppdrag

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Kinn kommune. Kinn kommune er ein kystkommune, sentralt plassert mellom Bergen og Ålesund. Kommunen med sine ca 17.200 innbyggjarar er den 8. største kommunen i Vestland fylke. Kommunen vart samanslått 1.1.2020 av tidligare Flora kommune og Vågsøy kommune.

1.2 Anskaffinga sitt formål og omfang

Kinn kommune vil med denne anskaffinga inngå avtale med en totalentreprenør for å rive eksisterende bygg og oppføring av nytt servicebygg på øya Kinn.

Prosjektet omfatter etablering av et nytt, funksjonelt og robust servicebygg tilpasset stedets særegne beliggenhet, klima og bruk. Tiltaket inkluderer full riving og miljøsanering av eksisterende bygningsmasse, samt prosjektering og oppføring av nytt bygg med tilhørende tekniske installasjoner og utomhusarbeider. Det vil bli lagt vekt på løsninger med god kvalitet, lavt vedlikeholdsbehov og hensyn til kulturmiljø og landskap. Logistikk og gjennomføringsevne vil være særlig viktig gitt øyas lokasjon og begrensede tilkomst.

Arbeidene omfatter blant annet:

- Riving og miljøsanering
- Grunn- og terrengarbeider
- Betongarbeider
- Tømrerarbeider
- Taktekking
- Blikkenslagerarbeider
- Fasade- og kledningsarbeider
- Vinduer og dører
- Maler- og overflatearbeider
- Fast inventar/innreiing som beskrive i Del B, herunder bla kjøkkeninnreiing
- Flis- og gulvarbeider
- Rørleggerarbeider (VVS)
- Ventilasjonsarbeider
- Elektroinstallasjoner

- Utomhusarbeider / landskapsarbeider
- Rigg og drift
- Prosjektering (alle relevante fag)

Kontrakten vert inngått som ein fastpriskontrakt for det beskrevne kontraktsomfanget, basert på NS 8407:2011 med dei endringar og suppleringar som følgjer av konkurransedokumenta.

Ferdigstillelse alle arbeider er satt til 10.05.2027. Datoen er dagmulktbelagt.

Ved eventuell motstrid mellom dette konkurransegrunnlaget og vedlegga, går konkurransegrunnlaget føre når det gjeld reglar for konkurransegjennomføringa, fristar, kvalifikasjonskrav, krav til innlevering av tilbod og tildelingskriterium.

1.3 Planlagd framdrift

Det vert lagt opp til følgande tidsrammar for gjennomføring av konkurransen frem til kontrakt vert inngått. Datoane nedanfor er planlagde og kan verte endra. Eventuelle endringar vert kommuniserte gjennom Hyyr..

Planlagde milepælar	Frist
Utlysing av konkurransegrunnlag	28.09.2026
Synfaring på anleggsplassen	14.10.2026 kl 10.00
Spørsmålsfrist	21.10.2026 kl 12.00
Tilbodsfrist	28.10.2026 kl 12.00
Oppdragsgjevar gjev skriftleg melding om tildeling	Vert opplyst seinare
Karensperiode	Vert fastsett i tildelingsmeldinga
Kontrakt vert inngått	Etter utløp av karensperioden
Vedståingsfrist	3 månader frå tilbodsfrist

Synfaring

Det vert gjennomført synfaring på anleggsplassen 14.10.2026 kl. 10.00.

Det er tilbydarar sitt ansvar å komme seg frå/til synfaringa.

Båtruter er som følger:

Florø → Kinn	Rute 294 kl. 08.45
Kinn → Florø	Rute 292 kl. 15.10

Oppdragsgjevar vurderer å setje opp felles returtransport frå Kinn etter synfaringa. Eventuell informasjon om dette vert sendt til påmelde deltakarar.

Leverandørar som ønskjer å delta på synfaringa, må melde seg på seinast éin dag før synfaringa.

Påmelding skal sendast på e-post til: einar.haugerud@kinn.kommune.no.

Påmeldinga skal innehalde namn på verksemda og namn på deltakar(ar).

1.4 Klima og miljø

Oppdragsgjevar har vurdert klima- og miljøbelastninga ved anskaffinga. Dei mest relevante miljøpåverknadene i prosjektet er vurderte å vere knytte til materialbruk og ombruk, avfall frå rive- og byggearbeida og transport/logistikk som følgje av prosjektet si lokalisering på Kinn.

Oppdragsgjevar har valt å ivareta klima- og miljøomsyn gjennom bindande klima- og miljøkrav i vedlegg 8 – Klima- og miljøkrav, i staden for å nytte klima og miljø som tildelingskriterium. Krava gjeld alle leverandørar og skal oppfyllast ved gjennomføringa av kontrakten.

Oppdragsgjevar vurderer at dei fastsette krava samla gir ein betre klima- og miljøeffekt enn bruk av klima og miljø som tildelingskriterium, jf. anskaffelseslova § 5 b andre ledd. Det er mellom anna lagt vekt på at krava sikrar ombruk, redusert avfall og miljømessige krav til materialbruk for den leverandøren som faktisk får kontrakten.

På grunn av prosjektet si lokalisering på ei øy med svært avgrensa infrastruktur og transportalternativ, er det ikkje stilt absolutt krav om fossilfri byggeplass eller fossilfri transport. Det er i staden stilt krav til planlegging og samordning av transport og logistikk for å redusere unødvendig transport.

2 Reglar for gjennomføring av konkurransen og krav til tilbod

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Vald prosedyre er open tilbodskonkurranse, jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar. Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir derfor på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt via KGV.

2.2 Skatteattest

Den valde leverandøren skal på førespurnad gjere tilgjengeleg opplysningar eller framvise attest for skatt og meirverdiavgift som dokumenterer etterleving av skatte- og avgiftsmessige forhold. Dette gjeld berre for norske leverandørar.

Opplysningane eller attesten skal ikkje vere eldre enn seks månader rekna frå den datoen oppdragsgjevar meddeler kven som har vunne kontrakten, jf. anskaffelseslova § 5 l.

2.3 Teieplikt

Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA § 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.3.

2.5 Endring i konkurransegrunnlaget

Oppdragsgjevaren har rett til å gjere rettingar, tillegg og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter, heilt fram til fristen for levering av tilbod går ut. Melding om dette vert å sende alle som har registrert seg som deltakar i konkurransen, Hyyr (kgv).

2.6 Tilleggsopplysningar

Eventuelle spørsmål skal rettast gjennom spørsmål og svar funksjonen i Hyyr. Svar blir sendt til alle som har registrert seg som mottakar gjennom Hyyr.
Oppdragsgjevar sin kontaktperson for denne anskaffinga er Einar Stavang Haugerud.

Dersom de finn feil eller uklarheiter i konkurransegrunnlaget, så gjer vel å melde desse til kontaktperson gjennom Hyyr i god tid før tilbodsfristen sitt utløp.

3 Kvalifikasjonskrav

For å kunne få tildelt kontrakten må leverandøren oppfylle dei fastsette kvalifikasjonskrava.

3.1 Leverandøren si registrering, autorisasjon mv.

Kvalifikasjonskrav 1	Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.
Dokumentasjon	Norske selskap: Firmaattest Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

3.2 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Kvalifikasjonskrav 2	Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å gjennomføre kontrakten. Som minimum skal leverandøren vere kredittverdig.

Dokumentasjon	Oppdragsgjevar vil kontrollere dette på bakgrunn av kreditt- og rekneskapsopplysningar frå Proff Forvalt. Dersom leverandøren ikkje har ordinær kredittvurdering, eller meiner at denne ikkje gir eit korrekt bilete av den økonomiske situasjonen, kan annan relevant dokumentasjon leggjast fram.

3.3 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

Kvalifikasjonskrav 3	Leverandøren skal ha tilstrekkeleg erfaring frå gjennomføring av byggeprosjekt av tilsvarande art og kompleksitet som denne kontrakten. Med tilsvarande oppdrag meiner ein prosjekt som omfattar oppføring og/eller vesentleg rehabilitering av bygg, med koordinering av fleire fag. Leverandøren skal i tillegg kunne dokumentere erfaring med skifertak, anten gjennom eigne referanseprosjekt eller gjennom verksemd som leverandøren støttar seg på for å oppfylle kvalifikasjonskravet. Dersom leverandøren støttar seg på ei anna verksemd si erfaring med skifertak for å oppfylle kvalifikasjonskravet, skal den aktuelle verksemda utføre skiferarbeida i kontrakten.
Dokumentasjon	Leverandøren skal leggje ved ei oversikt over inntil tre relevante oppdrag som er utførte i løpet av dei siste fem åra. Oversikta skal som minimum innehalde: • namn på oppdragsgivar • kort beskriving av oppdraget og leverandøren si rolle • kontraktsverdi og/eller omfang • tidspunkt for gjennomføring • opplysning om kva referanseprosjekt som dokumenterer erfaring med skifertak • namn og kontaktinformasjon til referanseperson. Oppdragsgivar kan kontakte oppgitte referansar for å verifisere opplysningane.
Kvalifikasjonskrav 4	Det vert kravd at leverandøren har eit verksamt kvalitetssystem.
Dokumentasjon	Leverandør skal dokumentere kva kvalitetssystem verksemda nyttar. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar som ISO 9001 eller liknande, skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner kvalitetssystemet si oppbygging og verkeområde.

4 Tildelingskriterier

Kontrakten vert tildelt leverandøren som har den lågaste evalueringsprisen.

Klima- og miljøomsyn er ivaretekne gjennom bindande minimumskrav, jf. punkt 1.4, og inngår derfor ikkje som eige tildelingskriterium.

4.1 Evalueringsmetode

Ved evaluering av pris vert «Prosjektkostnad (evalueringsgrunnlag)» ekskl. mva. i tilbudsskjemaet lagt til grunn. Leverandøren med lågaste evalueringspris vert tildelt kontrakten, under føresetnad av at leverandøren oppfyller kvalifikasjonskrava og tilbodet elles kan aksepterast.

5 Innlevering av tilbod

5.1 Levering av tilbod

Tilbodet skal leverast elektronisk via Hyyr sitt konkurranseverktøy innan tilbodsfristen.

5.2 Komplett tilbod

Tilbodet skal innehalde ferdig utfylt tilbudsskjema og den dokumentasjonen som er etterspurt under kvalifikasjonskrava. Dersom leverandøren støttar seg på kapasiteten eller erfaringa til andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava, skal vedlegg 7 – Forpliktingserklæring fyllast ut og leggjast ved tilbodet.. Eventuelle avvik og atterhald skal gå klart og eintydig fram av tilbodet.

5.3 Alternative/parallelle tilbod

Det er ikkje høve til å gje inn alternative- eller parallelle tilbod i denne konkurransen.

5.4 Tilbod på delar av oppdraget

Det er ikkje høve til å gje inn tilbod på deler av oppdraget.

6 Handsaming av tilboda

6.1 Tilbodsopning

Tilbodsopninga vert utført elektronisk av representantar for oppdragsgjevaren. Det blir ikkje gjennomført offentleg tilbodsopning. Leverandør har ikkje høve til å være til stades ved opninga. Det blir ikkje sendt ut åpningsprotokoll.

6.2 Avvising

Avvising av leverandørar og tilbod skjer i samsvar med reglane i FOA §§ 9-4 til 9-7.

7 Avgjerd av konkurransen

7.1 Avlysing av konkurransen og totalforkasting

Oppdragsgjevar kan avlyse konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn.

Dersom lågaste akseptable tilbod overstig oppdragsgjevar si budsjettramme eller tilgjengelege finansiering for prosjektet, kan dette etter ei konkret vurdering utgjere sakleg grunn for avlysing.

7.2 Tildeling av oppdrag

Oppdragsgjevaren si avgjerd om kven som får tildelt kontrakt skal vere skriftleg, og sendast alle deltakarane samstundes i rimeleg tid før kontrakt vert inngått. Med "kontrakt vert inngått" meiner ein tidspunktet då begge partar underteiknar kontrakten. Dokument i konkurransen kan vere gjenstand for innsyn etter reglane i offentleglova. Opplysningar som er underlagde lovbestemt teieplikt, vert unnatekne frå innsyn.

8 Vedlegg

Med dette konkurransegrunnlaget er det følgjande vedlegg:

Vedlegg 1 – Del A – Tilbudsunderlag

Vedlegg 1.0 – Servicebygg Kinn – Del A, Bok 0 – Generell del

Vedlegg 2 – Del B – Beskrivelse

Vedlegg 2.0 – Servicebygg Kinn – Del B – Beskrivelser

Vedlegg 3 – Del C – Tegninger, foto og anvisninger

Referansefoto og kart:

Vedlegg 3.3.1 – Eksisterende EL – Fotodokumentasjon

Vedlegg 3.3.2 – Eksisterende VA-kart

Vedlegg 3.3.3 – Orientering tomt – Google Maps-lenker

Vedlegg 3.3.4 – Situasjonsplan

Vedlegg 3.3.5 – Tilgjengelig riggområde

Tegninger og modell:

Vedlegg 3.4.1 – A100 – Plantegning

Vedlegg 3.4.2 – A101 – Plantegning hems

Vedlegg 3.4.3 – A102 – Snitt A-A

Vedlegg 3.4.4 – A104 – Fasade Nord

Vedlegg 3.4.5 – A105 – Fasade Sør

Vedlegg 3.4.6 – A106 – Fasade Vest

Vedlegg 3.4.7 – A107 – Fasade Øst

Vedlegg 3.4.8 – A108 – Snitt B-B

Vedlegg 3.4.9 – IFC Kinn servicebygg

Vedlegg 3.4.10 – Kinn servicebygg – Perspektiv 1

Vedlegg 3.4.11 – Kinn servicebygg – Perspektiv 2

Vedlegg 3.4.12 – Kinn servicebygg – Perspektiv 3

Vedlegg 3.4.13 – Kinn servicebygg – Perspektiv 4

Vedlegg 3.4.14 – Kinn servicebygg – Perspektiv 5

Vedlegg 3.4.15 – Kinn servicebygg – Perspektiv 6

Vedlegg 4 – Del D – Andre tilbudsdokumenter

Vedlegg 4.1 – Miljøkartlegging

Vedlegg 4.2 – Henvisning – Kinn VA-norm

Vedlegg 4.3 – Vedtak – dispensasjon og rammeløyve

Vedlegg 4.4 – SHA-plan

Vedlegg 5 – Del E – Dokumenter til utfylling

Vedlegg 5.1a – Tilbudsskjema – ODS-fil (skal fyllast ut og leverast med tilbodet)

Vedlegg 5.1b – Tilbudsskjema – PDF (leseversjon)

Vedlegg 6 – Seriøsitetskrav for bygg- og anleggskontrakter – Kinn kommune

Vedlegg 7 – Forpliktingserklæring

Vedlegg 8 – Klima- og miljøkrav